


Sosiolog Margunn Bjørnholt ynskjer ein større diskusjon om kva me

Åtvararar mot arbeid

Å få alle kvinner i fulltidsjobb har vorte den rådande visjonen for norsk likestilling. Det skapar blindsyn for dei liva kvinner faktisk lever, meiner sosiolog Margunn Bjørnholt.



Av Maria Horvei (tekst) og Christopher Olsson (foto)

Har kampen for å få kvinner inn i arbeidsmarknaden vorte ein for stor del av dagens kvinnesak?

Klassekampen skreiv førre veka om den britiske filosofen og feministen Nina Power, som svara eit rungande ja på dette spørsmålet. Også i Noreg vert det no etterlyst ein større debatt kring vilkåra i arbeidsmarknaden, og korleis desse påverkar kvinner.

– Eg meiner det er eit ein-sidig fokus på betalt arbeid i likestillingsspørsmål. Det har liggje under norsk likestillingspolitikk lenge, men i løpet av det siste tiåret har fremjinga av ei dobbelt fulltidslinje vorte skjerna.

Det seier Margunn Bjørnholt, sosiolog, forskar og nestleiar i Norsk Kvinnesaksforening, til Klassekampen, med referanse til den auka arbeidsmengda for kvinner med forpliktingar både i arbeidslivet og heimesfæra.

Manglar visjonar

Den store merksemda kring kampsaker som fjerning av ufri-villig deltid og delt foreldrepermisjon har teke merksemda vekk frå ei stor samfunnsutfordring, meiner Bjørnholt: At fleirtalet av kvinner reduserer arbeidstida for å få arbeid og familie til å gå opp, men at dette i dag straffar seg langt hardare enn tidlegare.

– Ein har gått stadig kraftigare inn for å harmonisera menn og kvinners livsløp. Mange av dei goda kvinner tidlegare hadde i kraft av sitt arbeid i familien, er fjerna, som til dømes hustrubidrag ved samlivsbudd, som fungerte som verdsetjing av kvinners større del av det ulønt ar-

FAKTA

Feminisme og arbeid:

■ I Klassekampen 19. januar etterlyste den britiske filosofen og feministen Nina Power ein sterkare feministisk kritikk av kapitalismen.

■ I intervju med Klassekampen 20. januar sa Linn Stalsberg at norsk feminisme ikkje veit kva ein likestiller til, men flyt på ei bølga av marknadskrefter og finansielle gevinst.

■ Fokuset på arbeid har vore for ein-sidig, seier delar av norsk kvinnerørsløse i dag.



Klassekampen 19. januar



Klassekampen 18. januar

beidet i heimen og hennar karrieretap, seier ho.

Den økonomiske sjølvstenda kvinner får gjennom å vera ein del av arbeidsmarknaden, er eit sjølvstode gode, ifølgje Bjørnholt. Problemet, meiner ho, er at dette berre er delvis realisert, ettersom arbeid som kvinner tek på seg utanom det betalte arbeidet ikkje er verdsett.

– I visse situasjonar, som ved samlivsbrot og alderdom, vert me berre verdsett for det arbeidet ein har gjort i marknaden. Valet nokre kvinner tek, om å jobba redusert for å få det til å gå rundt, må dei bera konsekvensane av heilt aleine.

Bjørnholt etterlyser no ei meir vidsynt tenking kring kva ein eigentleg vil med arbeidet. Ein tek det for gjeve at det beste er å jobba fulltid, til trass for klare teikn på at det ikkje er ein situasjon som passar alle.

– Ein har ikkje lenger nokon visjon om meininga med arbeidet – og meininga med livet, om du vil. På 1970-talet kom det mange idear og visjonar, som – når ein no ser tilbake – har forsvunne heilt. Ein av desse var frigjerjing frå arbeid og til eit betre liv. Til dømes tenkte ein at ny teknologi kunne la ein jobba mindre og leva meir. No er visjonen fri-



TRENG VIDSYN: – Ein har ikkje lenger nokon visjon om meininga med arbeidet, seier Margunn Bjørnholt, sosiolog.

gjerjing gjennom meir arbeid, det vil seie at alle som jobbar deltid, også skal jobba fulltid.

Delvis realisert

Men er det mogleg å snakka om dette utan at det vert ein diskusjon om kakebaking og reine kjøkkenbenkar? Det er vanskeleg, vedgår Bjørnholt.

– Det er eit ideologisk veldig lada emne. Den generasjonen som i si tid stod på barrikadane og kjempa for moglegheita til å jobba, og som måtte forsvara seg fordi dei både hadde born og var i arbeid, dei har nok i dag svært vanskeleg for å erkjenne at det i dag er snudd heilt på hovudet, seier ho.

– I dag er det dei som vil vera heime eit halvt år ekstra, som må forsvara seg, og som vert mistenkjeleggjort. Tvingen har vorte heilt motsett, det har vorte ei form for arbeidstvang.

Men sjølv om debatten er vanskeleg, er det ein me må ta, meiner Bjørnholt.

– Ein må erkjenne at dette er ei stor utfordring, og eit enormt problem. Ein må tenkja meir over korleis ein skal betre verdsetjinga av dei liva kvinner faktisk lever.

Bjørnholt er for tida medredaktør ein komande antologi om den newzealandske feministen Marilyn Waring, kjend for mange gjennom sitt bidrag til feministisk økonomi med boka «If Woman Counted».

– Rart oppheng

I Noreg er det sosialøkonom Charlotte Koren som har markert seg sterkt på dette feltet. Ho gav i fjor haust ut boka «Kvinnens rolle i norsk økonomi» og sluttar seg til Bjørnholts problematisering av det store fokuset på løna arbeid i kvinnesaks spørsmål.

– Eg har tykt det har vore rart at all likestilling har hengt så veldig på det å skaffa seg ein jobb. Me burde ha vore meir opptekne av å skaffa oss eit godt liv. At akkurat

dette løna arbeidet har vorte skyvd føre alt anna, meiner eg er noko å tenkja over, seier Koren til Klassekampen.

At me treng arbeid for å livnæra oss, er eit faktum me ikkje kjem utanom, understrekar Koren. Å vera ein del av arbeidsmarknaden har òg gjeve kvinner tilgang til velferdsstaten og til den generelle inntektsveksten i samfunnet.

– Arbeid er naudsynt, så det er noko tvingande over det med arbeid. Men det er veldig rart at denne arbeidslinja har

«Det er dei som vil vera heime eit halvt år ekstra, som må forsvara seg»

MARGUNN BJØRNHOLT, SOSIOLOG, OG NESTLEIAR I NORSK KVINNESAKSFORENING

e vil med arbeidet til kvinner.

dspress



log og nestleiar i Norsk Kvinnesaksforening.

fått så veldig støtte, og då kanskje særleg i Arbeiderpartiet. Folk flest syns jo kanskje det er herleg å arbeida kortare dagar, sjølv om det fører til lågare inntekt.

Ikkje gratis

Sjølv om inntoget av kvinner i arbeidslivet har gått parallelt med ein sterk økonomisk vekst i samfunnet elles, åtvargar Koren mot å slå fast for sterke samanhengar.

– Me må ikkje overvurdere den økonomiske veksten dette førte til. Når ein ser på den i etterkrigstida, består ein del av veksten av at stat og marknad har krypt seg inn mot hushaldningas kjerne. Ein del av det me før produserte i heime, har me flytta ut i marknaden, seier ho.

Samstundes skal ein hugsa på at den auka arbeidskapasiteten ikkje har komme gratis:

– Me har lukka auga for kva det har kosta kvinnene, i form av til dømes slitsame dagar, at dei må kjøpa ting dei før dei

før lagde eller mindre tid med familien.

– Betre tilrettelegging

Også Torild Skard, leiar av Norsk kvinnesaksforening, etterspør ein større debatt kring kvinner og arbeidsmarknaden.

– **Eg har sakna ein diskusjon om strukturen i det løna arbeidet, om det å gå inn i eit system som utnyttar arbeidstakarane og særleg kvinnene, seier ho.**

Betre tilrettelegging for kvinner og familiar med born, gjennom tiltak som sekstimars dag og redusert arbeidstid for småbornsforeldre er blant endringane Skard meiner kunne vore gjort for å endra arbeidslivet til det betre for kvinner.

– Ein kan òg ofte gjera meir på den einskilde arbeidsplass enn mange i utgangspunktet trur – det sit så mykje tradisjon i veggene på dette området

mariah@klassekampen.no



NY TID: Hadia Tajik og Kulturdepartementet gjer endringar i lova som set grenser for kor stor ein medieeigar kan bli.

FOTO: CHRISTOPHER OLSSØN

Endrar mediepolitikken

Når mediekonsernet Amedia får behalda lokalavisene øst for Oslofjorden, er det starten på ein ny måte å tenkja medieeigarskap på i Noreg.

MEDIER

Av Hanna Maria van Zijp

Dei store medieeigarane kan bli større når medieeigarskapslova skal opna for meir bruk av skjønn.

– Reguleringsmodellen må vera fleksibel for å vera treffsikker, seier politisk rådgjevar i Kulturdepartementet Håvard Fossbakken (Ap).

Amedia får behalda seks lokalaviser på Austlandet, etter vedtak frå Medietilsynet sin klageinstans Medieklagenemnda.

Som Klassekampen skreiv i går, omgjer nemnda dermed tilsynet si avgjerd om at Amedia måtte selja avisene som vilkår for oppkjøpet av Edda Media.

– Sjå heilskapen

Nestleiar i Norsk Journalistlag (NJ), Thomas Spence, er positiv til at regelstyrt tankegang skal bytast ut med meir skjønsmessige vurderingar. Journalistlaget synest det er rett og fornuftig å ta omsyn til alle plattformar og samla mediebruk i ei slik lov.

– Mediebiletet er i så stor utvikling at det å ha faste grenser kjem i utakt med faktisk mediekonsum. Ei meir dynamisk ordning blir derfor meir presis slik at me kan sjå heilskapen, seier Spence.

– *Trur du det bidreg til at dei store konserna blir større?*

– Det opnar nok opp for at spesielt Amedia og Polaris media får større høve til oppkjøp i lokal- og regionalavismarknaden. Det er ikkje

FAKTA

Oppkjøpet av Edda Media:

■ Amedia får behalda Østlandets Blad, Smaalenenes Avis og fire andre lokalaviser øst for Oslofjorden.

■ Medieklagenemnda har nemleg omgjort Medietilsynets avgjerse om at dei skulle seljast.

■ Dette var eit vilkår då dåverande A-pressen fekk kjøpe Edda Media i fjor.

■ Målet var å hindra at konsernet fekk ei for sterk stilling i ein-skilde regionar.

■ Lova om medieeigarskap set grenser for kor stor ein eigar kan veksa.

avgrensa eigarskapkonsentrasjon i ulike dekningsområde. No tar nemda andre omsyn.

Det varslar ei venta endring av norsk mediepolitikk: Lova som sett grenser for kor stor ein kan bli – målt i avisopplag og radio-minutt – skal bytast ut med eit sett forskrifter som inviterer til bruk av skjønn og relativitetstenking.

Vedtaket frå Medieklagenemnda støttar seg også på Kulturdepartementet sitt forslag til ei slik lovendring. Føremålet er å sikra mot eigarposisjonar som kan utnyttast for å fremja eigen politisk eller økonomisk agenda, ifølgje Kulturdepartementet.

Fleksibelt

– I ein så dynamisk sektor der utviklinga skjer så raskt som på medieområdet, er det viktig å ha ei regulering som kan tilpassast dette. Reguleringsmodellen vera fleksibel for å vera treffsikker, seier politisk rådgjevar i Kulturdepartementet Fossbakken.

Departementet meiner at den nasjonale eigarskaps-grensa er eit så sentralt politisk spørsmål at den ikkje bør kunna endrast utan stortingsbehandling. Responsen på høyringsforslaget var delt, der somme meinte at forslaget ville overlata for mykje av reguleringa til Medietilsynet. Dette er noko departementet nå ser på, seier Fossbakken.

– Lova skal vera føre var og er ikkje eit uttrykk for mistillit til dagens eigarar. Me treng eit system som held på sikt – og som også toler dårlege eigarar, seier Fossbakken.

– *Er det framleis eit mål for Kulturdepartementet at somme aktørar ikkje blir for dominerande?*

– **Absolutt, mangfald i medieeigarskap er eit av hovudmåla for regjeringa sin mediepolitikk. Dette er blant anna slått fast i årets statsbudsjett.**

hanna.van.zijp@klassekampen.no

nødvendigvis eit problem, sidan det ikkje er sikkert at avisoppkjøp trugar marknaden dersom aviskonsumet fell til fordel for nettrafikk. Då kan ein ikkje seia at det per definisjon er gale å kjøpa dersom lokalavisene får dårlegare overlevingsevne åleine, seier Spence.

Mistar mangfaldet

Konsernsjef i mediekonsernet Berner Gruppen, Tore Stangebye, som tidlegare har kritisert oppkjøpet av Edda Media, ser at Medieklagenemnda sitt vedtak kan gjera dei små avisene meir levedyktige.

– Eg forstår avgjerla ut frå at desse små avisene hadde hatt problem med å klara seg åleine utan Amedia. Når me har vore kritiske til Amedia sitt oppkjøp, er det på grunn av for stor dominans. Me hadde sett føre oss at ein måtte selja nokre av dei store avisene i fleire regionar, seier Stangebye.

– *Kva mistar norsk medieflora med to store aktørar?*

– Me mistar noko av meinings- og mediemangfaldet, dei uavhengige stemmene og får ein relativt liten arbeidsmarknad for redaktørane.

Norsk medieeigarskapslov skal hindra aktørar å bli for store. Det skjer gjennom å